



Aurland, 21.02.2017

Politiidirektoratet  
Postboks 8051 Dep.  
0031 OSLO

Vår ref.  
2016001105-6

Dykkar ref.  
2016/04891

Sakshandsamar  
Noralv Distad, 57 63 29 00

Arkiv  
K1 - 024, K2 - X31, K3  
- &13

## **Klage på vedtak om endra tenestestadsstruktur i Sogn lensmannsdistrikt**

Aurland kommune viser til politiidirektoratet sitt brev 13.01.2017 om endringar i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og tenestestadar i Vest politidistrikt. Med heimel i forskrift 2016-06-22-815 § 1 klagar Aurland kommune på vedtaket innan klagefristen 10.03.2017.

Aurland kommune krev at vedtaket sitt tredje punkt, første avsnitt, blir oppheva på grunn av feil i sakshandsaminga.

- *Sammenslåing av lensmannsdistriktene Sogndal og Leikanger, Vik, Lærdal, Årdal, Luster, Aurland, til Sogn lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestesteder: Sogndal lensmannskontor, Vik lensmannskontor, og Lærdal lensmannskontor.*

Aurland kommune meiner at det er lokale politioppgåver i eit slikt omfang at det framleis bør vere eigen tenestestad for Politiet i Aurland.

Aurland kommune krev ny handsaming av saka og at det blir gjort nytt vedtak om at Sogn lensmannsdistrikt skal ha tenestestad i Aurland.

### **Grunngjeving:**

Aurland kommune har i høyringsfråsegna til Vest politidistrikt den 04.11.2017 peika på at ROS-analysen, som ligg til grunn, ikkje er god nok. I brevet bad kommunen primært om innsyn i eventuelle grunnlagsdokument og sekundært om at det blir gjennomført ny konkret ROS-analyse der alle vesentlege moment blir vurdert.

Aurland kommune har ikkje fått tilsendt relevant dokumentasjon, som syner at det gjennomført grundige ROS-analysar, i samband med saksførebuinga. Aurland kommune tolkar dette som at innsynskravet er avvist, jf. offentleglova §32 andre ledd, og stiller difor spørsmål ved om prinsippet om forsvarleg sakshandsaming er følgt.

Aurland kommune meiner mangelfull ROS-analyse er ein feil i sakshandsaminga som har medført at vedtaket er fatta på sviktande grunnlag. Kommunen gjengir i det følgjande skildringa av potensiell fare i ROS-analysen:

#### *Beskrivelse av potensiell fare:*

*21 tjenestesteder har kort åpningstid og/eller lav bemanning. De er ikke dimensjonert slik at de når målene med reformen, eller kravene til tjenestesteder. De er ytterligere sårbare ved fravær som kurs, utdanning, ferieavvikling, permisjoner og sykdom.*

Aurland kommune meiner at dette ikkje er ei dekkande skildring av potensielle farer i samband med reformen. Kva med permanent og systematisk sårbarheit i form av lengre

responstid? Kva med særeigne forhold lokalt? Me syner til målsettinga for politireforma punkt 1:

1. *Et mer tilgjengelig og tilstedeværende politi med god lokal forankring og samhandling*

### **Val av tenestestad – Lærdal**

Aurland kommune kan heller ikkje sjå av politidirektoratet sitt vedtak 13.01.2017 at det er gjort ei ny konkret ROS-analyse som tek omsyn til dei momenta som kommunen peikar på i sin uttale. Politiet si grunngjeving for val av Lærdal går fram av tilrådinga frå Vest politidistrikt av 20.12.2016 - *Effektivisering av tjenesteenheter og tenestestader* (PnP Vest 19.12.16):

#### **Lærdal**

*Valget mellom opprettholdelse av lensmannskontoret i Årdal eller lensmannskontoret i Lærdal har ikke vært enkelt. Årdal har høyere innbyggertall enn Lærdal og har høyere kriminalitetsrate. Imidlertid har Lærdal en mer sentral plassering i regionen mellom Årdal og Aurland. Fra Lærdal kan politiet nå Aurland gjennom Lærdalstunnelen, kjøretiden til Årdal i motsatt retning er akseptabel og Sogndal kan nås innen 30 minutter. Lærdal er et trafikknutepunkt. E16, som er stamvei mellom øst og vest, går gjennom kommunen. Det samme gjør Rv 52 over Hemsedalsfjellet. Trafikktettheten gjennom kommunen er høy til å være i Sogn og Fjordane med en stor andel tungtrafikk. Tunneltettheten i området er også høy. Samlet sett må dette vektlegges i beredskapssammenheng. I Lærdal ligger lokalsykehuset for Indre Sogn og Lokal Medisinsk Senter (LMS) med legevaktsentral, som er naturlige samarbeidspartnere for politiet. Videre har Statens Vegvesen trafikkstasjon i kommunen, noe som også genererer mye samarbeid med politiet.*

Dette er ikkje ei grunngjeving, men ei argumentasjonsrekke. Det er ikkje grunngjeve kvifor Aurland ikkje vert valgt som tenestestad. Trass innspel frå Aurland kommune, Årdal kommune og Lensmann i Aurland om at både Aurland og Årdal bør halde fram som tenestestader, ligg det ikkje føre ei vurdering av dette alternativet. Dette strir med prinsippet om forsvarleg sakshandsaming.

Kommunen har i sin uttale peika på desse særeigne tilhøva lokalt:

- Kraftproduksjon - 3 000 GWh per år (6. størst i landet).
- Storslagen natur, med det det inneber av skred, flaum, evakuering og redningsaksjonar.
- 163 cruiseanløp (3. størst i landet).
- Flåmsbana – over 900 000 reisande per år.
- Reiselivsnæring med sterk vekst - over 10% per år.
- Folketalsvekst - 0.6% per år.
- 60 km vegtunnel (mest i verden – deriblandt verdas lengste og 13. lengste)
- Og som følgje av ovannemnde
- Over 100 særskilde brannobjekt.
- Over 20 000 besøkande per dag i sommarhalvåret.

Me tilfører vidare at desse særeigne forholda i all hovudsak ikkje ligg i administrasjonssenteret Aurland, men i Flåm og Gudvangen, til sjøs og til fjells – med vesentleg lenger reisetid enn ordinær reisetid Lærdal – Aurland. Krav til responstid lokalt synast tilsidesett av Vest politidistrikt. Dette kan vere ei følgje av at innbyggjartalet i Aurland er under 2000 innbyggjarar. Det ligg ikkje føre ei skjønsmessig vurdering på om kravet til responstid bør vere høgare, jf. ovannemnde svært særeigne forhold i kommunen.

Ettersom responstid vert nytta som eit prestasjonsmål for politidistriktet, ber me om at denne vurderinga vert utført av politidirektoratet – og at vurderinga vert lagt til grunn ved handsaming av klagen.

Høringsfråsegn frå Aurland kommune 04.11.16 og innsepl frå lensmann i Aurland 12.08.16  
ligg ved.

Med helsing

Noralv Distad  
ordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*